Erfaringsrapport frå Delft

Thomas Oldervoll

March 27, 1998

Kvar:	Delft, Nederland
Universitet:	Technische Universiteit Delft (TU Delft)
Kva:	Diplomoppgåve
Fag:	Data (kunnskapssystemer, naturleg språk)
Når:	September 1997 - april 1998

Denne rapporten oppsummerer mine erfaringar med å ta diplomoppgåva mi i Delft. Forhåpentlegvis står det noko nyttig her for deg som lurer på om du skal dra til Nederland som utvekslingsstudent. Det vil gå fram av teksten at det ikkje er så lurt å ta imot praktiske tips frå meg sidan eg har eit anstrengt forhold til tidsfristar og planlegging.

1 Forberedelsar

Det gjekk overraskande enkelt å ordna opphaldet her. Eg hadde lenge tenkt på å ta diplomen i utlandet, men hadde ikkje bestemt meg for kvar. TU Delft var ein av plassane på lista sidan eg hadde lese om eit interessant prosjekt der mens eg jobba med ei prosjektoppgåve. NTNU og TU Delft har nære band, tidlegare gjennom Leuven-nettverket og no gjennom ATHENS-nettverket. I tillegg viste det seg at prof. Jan Komorowski på instituttet mitt kjente ledaren for prosjektet eg hadde lese om, aman. Leon Rothkrantz. Komorowski sendte ein email til Rothkrantz med forespørsel om eg kunne koma. Rothkrantz svarte positivt same dag, så då var det berre å begynna å gleda seg.

Eg fekk tilbud om språkkurs om sommaren, men dette tok eg meg ikkje råd til. Eg drog istaden til Oslo og utnytta den gode arbeidsmarknaden med ein overbetalt sommarjobb. Rothkrantz hadde skaffa hybel til meg i Delft, så det var ingenting eg måtte ordna. Eg las om Delft i ei brosjyre for utvekslingsstudentar eg fann på http://www.bu.tudelft.nl/ssc/brochur/gkb/homepage.htm. Då var eg igrunn rusta for alle praktsike detaljar.

2 Reise og ankomst

Eg tok fly frå Bergen til Amsterdam. Sidan eg bestilte flybilletten litt seint (dvs tre dagar før avreise) vart han noko dyrare enn det som var nødvendig, rundt 2000 kr om eg ikkje huskar feil. Vektgrensa for bagasje var vel strengt tatt 20 kg, men eg greidde å lura med meg 50 kg og er ganske stolt av det. Trikset er å unngå at bagasje vert veid saman - last dei tunge tinga i handbagasjen og spre resten over vanleg bagasje og spesialbagasje.

Frå flyplassen tok eg tog til Delft, og frå jernbanestasjonen tok eg togtaxi. Togtaxi har fast pris (ca 25 kr) og kan brukast frå ein jernbanestasjon til kvar som helst innanfor bygrensene, sånn cirka. Dermed vart eg bringa rett på døra og vart motteken av mine nye naboar. Enkelt og greitt.

3 Hybel

Hybel er fint å ha. I Delft er det litt lite av dei, iallfall i semesterstart. Difor var eg heldig som fekk ordna hybel gjennom professoren min (som ikkje er professor men amanuensis eller noko slikt, men nordmenn er jo ikkje så nøgne på titlar, har eg vorte fortalt). Rommet mitt er nemleg reservert for ERASMUS-studentar. Den vanlege måten å skaffa seg rom på er å gå på instemming, ein audition der alle som bur i leiligheten frå før pratar med alle som har lyst til å flytta inn og bestemmer seg for kven dei likar best. Gode sosiale evner vert altså belønna.

Rommet mitt er ca 15 kvadratmeter og møblert, og eg deler kjøken, stove og bad med 15 andre. For dette betalar eg 1.550 kr i månaden (+ 150 kr i purregebyr sidan eg alltid gløymer å betala). Det er omtrent som på Moholt, berre større. Det går faktsik veldig bra med 16 stykker saman - sidan sosiale reglar tilsei at par dusjar saman heldt det akkurat med to dusjar.

4 Språk

Nederlendarar er flinke i engelsk, så strengt tatt treng ein ikkje kunna nederlansk dersom ein ikkje skal føegja førelesingar. Det skulle ikkje eg, men eg valde likevel å ta eit to språkkurs. Kvart kurs varer ca 3 veker. TU Delft har laga ein eigen metode for språkkurs som dei er veldig stolte av. Denne går ut på å læra tekstar for å bygga opp ordforrådet. Ingen pugging av gloser og minimal grammatikk, men til gjengjeld hardt kjør med kurs to gangar om dagen fem dagar i veka og datatestar kvar dag. Eg lærte mykje, fort. Nederlansk er nemleg ganske greit å læra seg når ein er norsk, og spesielt dersom ein kan litt tysk. Dei som tek sommarkurs tek ialt fire kurs, trur eg, og kan dermed dobbelt så mykje som meg.

Timing er viktig, det må sjølv eg innrømma. Eg kom akkurat til semesterstart 1. september, men det viste seg å vera akkurat ei veke for seint. Nybegynnarkurset hadde akkurat begynt og eg måtte venta til ut i oktober før neste gong det vart halde. Det var litt dumt, for dermed begynte eg å snakka engelsk til naboane mine og alle eg vart kjent med, og det gjer eg igrunn mykje framleis. Paradoksalt nok snakkar eg kun nederlandsk med folk eg ikkje kjenner.

5 Studier

Professoren min ordna alt papirarbeid med universitetet, hybel etc og plasserte meg på eit kontor saman med ein av forskare på prosjektet eg skulle arbeida på. Med kontorplass får eg også sosial status på linje med dei ansatte sidan eg et lunsj saman med dei kvar dag. Alt i alt trur eg utvekslingsstudentar blir behandla eit hakk betre enn "vanlege" studentar.

Veiledaren min er ein doktorgradsstudent som jobbar med same emnet som meg, nemleg dialogkontroll for eit system der kundar ringjer til ei datamaskin og spør om rutetider for tog. Veiledaren min er difor engasjert i kva eg driv med, og me fungerer meir som kollegaer enn student/veiledar. No delar me også kontor etter ei mindre omstrukturering.

Tilgang på utstyr her er noko dårlegare enn eg var vant til i frå Trondheim. Alle maskiner er UNIX-maskiner, og dei kraftigaste "servarane" har 64 Mb minne. Til samanlikning har vier.idi.ntnu.no 508 Mb og storm.stud.ntnu.no 1 Gb. Driftsfolka her har heller ikkje same servicenivå som i Trondheim - plutseleg er det ikkje lenger noko sjølvfølge at alle tenkeleg program er installert på systemet. Til gjengjeld har dei eit gedigent bibliotek som iallfall for meg har mykje betre utvalg enn i Trondheim.

TU Delft er eit reint teknologisk universitet med fagretningar omtrent som på gamle NTH. med sine 13 000 er det det største teknologiske universitetet i Nederland. (For dei som vil ha meir trivia som dette kan eg anbefala Statistisk Årbok på http://www.bu.tudelft.nl/dib/statist/jaarboek.htm.) TU Delft har nok også vore rekna for det beste universitetet innan teknologi, sjølv om mange meiner dette ikkje lenger heldt stikk. For eksempel var det litt murring i gangane her på data då det vart publisert ei rankingliste over dei beste datauniversiteta (vurdert i undervisning og forsking) i Nederland og Delft berre kom på fjerde plass. Etter begge Amsterdam-universiteta (Vrije Universiteit Amsterdam og Universiteit van Amsterdam) og universitet i Utrecht. Men dei har utvikla speedstrips til skøyteløparar og vidareutvikla klappskøytene, så det må jo vera bra.

6 Sosialt liv

Dersom ein kun sit inne og jobbar med diplomen gjer det ikkje så stor forskjell kvar ein befinn seg i verda. Er ein utvekslingsstudent har ein dermed ein veldig bra unnskyldning for å ha eit aktivt sosialt liv, for ein må jo "oppleva landet". Sjølv har eg lagt meg til aktive kafevanar i vekene og klubbvanar i helgene. Eg har endt opp med eit sosialt nettverk som består vedlig mykje av arkitektstudentar og industriell design-studentar. Desse har rykte på seg for å vera noko meir frika enn resten. Miljøet er ganske som 3B i Trondheim. Eg trivest bra med det.

Eg fekk ein sosial pangstart her første veka. Då var eg nemleg på ein svær fest i eit okkupert rekkehus (!). Fire leilighetar pluss hagen var brukt til festen. Kvar leilighet hadde eit nytt band eller ein ny DJ, og alt som kunne krypa og gå av sære folk i Delft var der. Eit par av folka eg møtte der tilhøyrer framleis det sosiale nettverket mitt. Denne festen vert arrangert kvar haust, så er du i Delft i september, sørg for å få med deg denne.

Okkupering er generelt veldig populært i nederland, og har ein først okkupert eit hus så må ein jo også halda nokre sinnsykt bra festar. Det sei seg sjølv. Eg angrar no på at eg aldri har prøvd å infiltrera meg i Svartla'mon-miljøet.

På den andre sida av skalaen har ein også nokre superkonservative studentforeingar i Delft. Dette er gutteklubbar (det fins visstnok eindel jenter der også, men dei er ikkje tekne med i stereotypien) der ein går rundt i dress og drikk pils og hersar med aspirantane, dvs førsteårsstudentane. Men slikt driv jo ikkje eg og mine nærmaste med.

For dei med heimlengsel fins det og eit oppegåande norskt miljø her. Eg trur det er omlag 30 norske studentar i Delft, og mange av dei har ein tendens til å flokka seg saman. Eg prøver å unngå dei for å få litt meir utanlandsfølelse, så dei synest sikkert eg er ein uforskamma drittsekk.

Uteliv ellers består av kafegåing på vekedagane (Cafe Tango er favoritten), disco på Koornbeurse (studentdreven uteplass) på fredag og eitelleranna på laurdag. Torsdag er største dagen for klubbing - då dreg mange til Rotterdam (10 min. med tog) og discoar på Nighttown. Andre plassar som kan anbefalast (togavstand i parentes): Paard i Den Haag (7 min), Tivoli i Utrecht (1 time), Mazzo, Escape og de Rokerij (coffeeshop) i Amsterdam (52 min).

For dei med sans for litt meir danna kultur har Delft med omegn og ein del meir å by på enn Trondheim. I Rotterdam og Den Haag har ein for eksempel glimrande oppsetjingar av moderne dans stadig, samt alskens konsertar og teater og slikt. For dei som vil utøva sjølv har TU Delft eit eige kultursenter der ein kan ta kurs i diverse instrument, dansing, handverk etc. Sjølv har eg teke afrikansk dans, jambetromming (afrikansk) og elektrisk gitar workshop. Det fins og eit sportssenter som visstnok skal vera bra.

7 Praktiske tips

Eit par erfaringar eg har gjort meg i løpet av opphaldet:

- Bankkonto må ein ha, og då er ABN Amro ein grei bank. Postbanken bør boikottast. Dei lova meg ein konto og eg fylde ut eit skjema. Etter nokre veker hadde ingenting hendt, så eg gav opp og gjekk til ABN Amro. Dei skaffa konto på 10 minuttar.
- Ein skal vel egentleg registrera seg hos politiet, men det har ikkje eg gjort. Det har gått bra likevel. Ei rundspørjing i det norske miljøet viser at cirka 80% har registrert seg.
- Send adresse i Nederland og kontonummer til Internasjonal Avdeling rett etter du har kome ned og ikkje langt ut i februar
- Skriv denne rapporten i januar og ikkje langt ut i mars

- Søk om studielån så tidleg så muleg så får du nok pengar om hausten og ikkje langt ut i april
- Betal rekningar i tide så slepp du purregebyr og inkassokrav
- Skal du ta siviltjeneste etterpå er det best å ordna dette før du dreg frå Norge og helst eit år eller to før du er ferdig (og ikkje ein dag eller to som med meg)
- Begynn å skriva på diplomoppgåva litt før ei veke før fristen

8 Konklusjon

Alt i alt likar eg meg veldig bra her og synest det er synd at eg no må reisa heim om nokre veker. Diplomoppgåva mi ligg dårleg an akkurat no, men det let seg vel ordna med litt panikkjobbing. Halvåret eg har vore her har muligens vrote litt for mykje prega av sosialt liv, men tida flyr når ein har det gøy.

Skal eg koma med ein forbrukartest av Delft som studiestad, så må det bli noko slikt:

Positive sider

- Praktisk enkelt - greit å ordna opphaldet, byråkratiet er ikkje altfor tungt
- Bra sosialt miljø - ein har det gøy, rett og slett
- Solid fagleg miljø
- Enkelt språk samt gode engelskkunnskapar blant folk flest

Negative sider

- Lite eksotisk - folk her er ikkje veldig ulike nordmenn
- Lite språkutbytte - ein kan greit læra seg nederlansk, men det er ikkje blant dei nyttigaste språka å kunna, og ikkje får ein kul aksent på engelsken, heller
- TU Delft er reint teknologisk universitet med den stygge bivirkninga at jenetandelen er 18%. Delft vert dermed ein nokså gutedominert by.

Så då spørs det kva du prioriterer. Sjølv angrar eg iallfall ikkje på at eg tok diplomen i Delft istadenfor i Trondheim.